



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
09.09.2015  
Dykkar dato  
20.08.2015

Vår referanse  
2015/11035 421.3  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Meland - Gnr 41 Bnr 20 – Uttale til dispensasjon til tilkomstveg og terrasse

Vi viser til brev av 20.08.15 med høyringsfrist 17.09.15.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for å byggje terrasse og å anleggje veg og parkeringsplass ved fritidsbustaden. Vegtiltaket treng dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og frå byggjeforbodet i strandsona, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §1-8 . Terrassen treng berre dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona.

For at det skal vere grunnlag for å gje dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova, er det to vilkår som må vere oppfylte. Omsynet bak føresegna det skal dispenserast frå kan ikkje bli vesentleg sett til side og det må vere ein klar overvekt av omsyn som taler for ein dispensasjon.

#### Terrasse

Når det gjeld bygging av terrasse så er det Fylkesmannen si vurdering at dette vil ha minimal negativ effekt på strandsona. Sjølv om den er vendt mot sjøen vil intrykket av eigedomen forandre seg lite, og vil ikkje føre til økt privatisering av strandsona. Fylkesmannen har ingen merknader til bygginga av terrassen.

#### Tilkomstveg og parkering

Når det gjeld vegen så skal den i all hovudsak gå over eit areal som er klassifisert som overflatedyrka jord i markslagkart (AR5). Fylkesmannen er kritisk til nedbygging av dyrkbar mark. Det er eit nasjonalt mål at det årleg skal omdisponerast så lite som mogleg dyrka eller dyrkbar jord i Noreg, og kommunane har eit klart ansvar for at dette målet vert nådd.

Det er også Fylkesmannen si vurdering at tiltaket kan føre til presedens for seinare søknader i området og elles i kommunen.

Fylkesmannen si vurdering er at omsyna bak arealdelen av kommuneplanen blir vesentleg sett til side ved bygging av veg over dyrkbar jord, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning.

Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 for å gje dispensasjon er derfor ikkje innfridd, og Fylkesmannen rår i frå ein dispensasjon til bygging av veg til fritidsbustad.

Dersom kommunen treff vedtak om dispensasjon, ber vi om at vedtaket vert sendt Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*